



Tysseland Arkitektur AS
Valkendorfsгатen 9
5012 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3098 - 15/18820

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

16.10.2015

Godkjenning - søknad om endring av gitt løyve til oppføring av rekkjehus B164 på gbnr. 22/246 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 377/2015

SAKSUTGREIING

Det vert vist til søknad m/ vedlegg dagsett 20.8.2015 om godkjenning av mindre endring i gitt byggjeløyve for oppføring av rekkjehus B164 innanfor byggjeområde B16 i Mjåtveitmarka.

Føreliggnade søknad om endring er i ettertid retta, idet situasjonsplanen som følgde med søknaden er erstatta av ein korrigert situasjonsplan, saml. journalpost 15/15626 og vedlagte situasjonsplan revidert 19.8.2015.

Endringa inneber ei mindre justering av høgdeplasseringa til rekkjehus B164 – frå topp mønehøgde på kote +44,m til kote +44,37m – og er grunngitt med at endringa er naudsynt for å unngå vassinntrenging til garasjelegg under bakkeplan. Det vert vist til vedlagte teikningar revidert 18.8.2015.

Ansvarleg søkjar har bede om at den omsøkte endringa vert fritatt for ytterlegare nabovarsling.

VURDERING

Planstatus

Den omsøkte endringa er innanfor rammene av gjeldande plan, jf. vurderinga under.

Nabovarsling

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Den opphavlege byggjesøknaden vart varsla i samsvar med pbl. § 21-3. Den omsøkte endringa vert vurdert som ei mindre justering som ikkje gjer det naudsynt med ny varsling, jf. pbl. §21-3, 2. ledd.

Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabo- og byggjegranser

Rekkjehus B164 skal plasserast i samsvar med vedlagte situasjonsplan (sist revidert 19.8.2015) vedlagte terrengsnitt og profilteikning (sist revidert 18.8.2015). Tiltaket vert med dette vurdert til å støtte dei krav til høgde og plassering som følgjer av respektivt pbl. § 29-4 og reguleringsplanen.

Tiltaket skal vidare oppførast og utformast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar (sist revidert 18.8.2015). Administrasjonen vurderer at tiltaket med dette stettar gjeldande krav til utforming og utsjånad i pbl. §§ 29-1 – 29-3 og planføresegnene.

Utnyttingsgrad, parkering, utandørs opphaldsareal og tilknytning til infrastruktur

Administrasjonen legg til grunn at omsøkte endringar ikkje har innverknad på desse tilhøva.

Ansvarsrettar

Det vert vist til føretaka som er godkjent for ansvarsrettar gjennom byggjeløyvet av 13.7.2015 i adm. sak 244/2015.

VEDTAK

Meland kommune endrar i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 bokstav a, 20-2 bokstav a og § 20-3 gitt byggjeløyve av 13.7.2015 i adm. sak 244/2015 - oppføring av rekkjehus B164 med seks bueiningar innanfor byggeområde B16 på gbnr. 22/246 i Meland kommune - i samsvar med respektivt søknad om endring m/ vedlegg dagsett 20.8.2015 og revidert situasjonsplan i eige brev frå ansvarleg søkjar av same dato.

Vedlagte situasjonsplan (sist revidert 19.8.2015) og vedlagte teikningar (sist revidert 18.8.2015) erstattar med dette situasjonsplanen og plan-, snitt- og fasadeteikningane som vart godkjent gjennom byggjeløyve av 13.7.2015 i adm. sak 244/2015.

Ut over dette gjeld dei vilkår og føresetnadar som følgjer av det opphavlege løyvet.

Om bakgrunn og grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk til det omsøkte formålet før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om endring vert ettersendt, jf. høvesvis pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. fvl. §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan og teikningar gbnr 22_246 B164 - Adm. sak 377_2015 av 16.10.2015

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Valkendorfgaten 5012
9

BERGEN